

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2014	Hovudutval for plan, landbruk og teknisk	PS	03.09.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Toril Marie Mulen	14/1337	14/8748

Delingssak gbnr 1612 - Mjøs - Asgeir Mjøs - klagesakshandsaming på avslag på søknad om deling

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følge. Vedtak i sak 14/1337 av 20.06.2014 vert stadfesta.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 (2).

Klagesaka vert sendt fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Saksopplysingar:

I klagen legg søkjar fram argument for at arealet som vert omsøkt frådelt ikkje har vore i bruk til landbruksføremål og ikkje vil verte det i framtida heller. I klagen vert det også lagt fram argument om at natur og friluftsføremålet vil verte ivareteke gjennom deling.

Bakgrunn:

Vi viser til søknad om deling av gnr/bnr 16/12 dagsett 17.04.2014, og motteke hos landbrukskontoret 06.05.2014. Vi viser til vårt administrative vedtak dagsett 20.06.2014 der søkjar fekk avslag på sin søknad om deling. Vi viser også til klagen frå søkjar på vårt vedtak dagsett 09.08.2014.

Vurdering:

Landbrukseigedommen gnr/bnr 16/12 Mjøs er etter måten ei stor eining. Det vil ha avgrensa betydning for avkastningsevna til hovudbruket med ei deling av eit avgrensa areal som 4 daa. Men, det er ikkje gode argument for å kunne gje samtykke til deling når føremålet er å utvide ei hyttetomt som i dag er 4,5 daa med ytterlegare 4 daa. Det er føremuner og ulemper med landbrukseigedommar. Det overordna føremålet med arealet der det vert søkt om deling er LNF-føremål: landbruk, natur, friluftsliv. Rådmannen finn ikkje argument som kan forsvare å gje samtykke til deling på omsøkt stad i denne aktuelle søknaden.

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 074/2014

PLT - handsaming:

Hovudutvalet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

PLT - vedtak:

Klagen vert ikkje teke til følge. Vedtak i sak 14/1337 av 20.06.2014 vert stadfesta.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 (2).

Klagesaka vert sendt fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.